



## SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Formannskapet	09.09.2015	030/15

Saksbeh.:	Saka blir avgjort av:	Arkiv:	Arkivsaknr
Larsgard, Jon	Formannskapet	N - 111.2	15/400

## Høyringsuttale – endringar i eigedomskatt for verk og bruk

### *Dokument i saka:*

Høyringsuttale frå LVK

Svar på spørsmål – Sak om føreslåtte omleggingar av eigedomsskatten for verk og bruk

Høyringsuttale frå KS

Høyringsbrev

**Saka blir avgjort av: Formannskapet.**

### *Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.*

Lov 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane (eigedomsskattelova).

### *Saksopplysningar:*

Det er frå Finansdepartementet kome ei høyring med uttalefrist 17. september, med framlegg til endring av reglane for utskriving av eigedomsskatt for verk og bruk. Endringane er foreslått i to alternative framlegg:

- Det eine går på å unnta «produksjonsutstyr og –installasjonar» frå eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk.
- Det andre fjernar «verk og bruk» som utskrivingsalternativ.

Vannkraftproduksjonsanlegg er halde utanfor endringane, men for vår del vil begge alternativ bety at m.a kraftledningsnett, oppdrettsanlegg og teleanlegg ikkje lenger vil gje kommunal eigedomsskatt.

Departementet anslår inntektstapet for kommunane til å verta 1,2 milliardar, som fordelar seg med 300 millionar i auka inntekter for staten og 900 millionar i skattelette for bedriftene. Både KS og LVK (Landsamanslutninga av vassdragskommunar) vurderar tapet for kommunane til å vera større, truleg mellom 1,5 og 2 mrd årleg.

Endringane får verknad for 343 av kommunane i landet, og så godt som alle 173 av LVK sine medlemskommunar.

Eigedomsskatt er den einaste lokale skatteordninga vi har. Jondal kommune har i dag eigedomsskatt på verk og bruk, men ikkje på næringseigedomar eller generelt på bolig og fritidsbustader. Samla eigedomsskatt for Jondal kommune utgjer om lag 4,1 mill for 2015. Vel 80% av dette er knytt til vannkraftproduksjonsanlegg, medan dei resterande prosentane (i alt ca 750 000 kr) vil verta omfatta av dei foreslåtte endringane. Dette gjeld kraftliner, telenett, fiskeoppdrett og nokre bedrifter.

På vegne av medlemskommunane har LVK utarbeidd ein høyringsuttale til Finansdepartementet der hovudkonklusjonen er: «**LVK ber regjeringa forkaste forslagene om at produksjonsutstyr og produksjonsinstallasjonar ikkje lenger skal inngå i skattegrunnlaget og utviklinga av begrepet verk og bruk.**»

#### **Vurdering:**

Eigedomsskatt er ei viktig inntektskjelde for kommunane, som dei langt fleste kommunane nyttar seg av i ulikt omfang. Endringane i dette framlegget vil redusera inntektsmogelegheitene til kommunane. Konsekvensane av eit inntektstap som dette vil anten vera eit redusert tenestetilbod i kommunen, eller at inntektstapet vert kompensert ved å innføra eigedomsskatt på andre område som næringsseigedomar eller private boligar og fritidshus.

Inntektstapet dette medfører, let seg vanskeleg kompensera på andre måter, verken gjennom kommunane sitt inntektssystem eller gjennom selskapsskatten. Eigedomsskatten er stadbunden der anlegget er, medan selskapsskatten tilfell den kommunen der konsernet er lokalisert.

Mange av dei selskapa som på denne måten får skattelette er statsbedrifter som Statnett, Statkraft og Statoil. Betre lønsemd gjev rom for å ta ut høgare utbytte. Det betyr ei dreining av inntekter frå kommunane og til staten. Det er i strid med uttalte mål i regjeringssplattformen, og er sjølv sagt heller ikkje i vertskommunane si interesse.

Ordninga med eigedomsskatt har fungert i over 120 år. Det er ein av føresetnadene når berørte kommunane seier ja til å stilla naturressursar til rådvelde for store anlegg og infrastrukturtiltak. Det vil og kunne få konsekvensar for viljen til å vera vertskommune for slike utbyggingar i framtida.

Det kan vera eksempel på at denne typen eigedomsskatt er ein uønska belastning for små eller nyetablerte selskap. Men det finnest andre måtar å koma dei i møte på, t.d. gjennom botnfrådrag .

#### **Tilråding frå ordførar:**

1. *Jondal kommune støttar LVK sin høyringsuttale til Finansdepartementet om framlegg til endringar i eigedomsskatt på verk og bruk.*
2. *For Jondal kommune vil det årlege tapet med utgangspunkt i 2015 vera om lag 750 000 NOK. For å illustrera kva dette betyr, tilsvarar det kostnaden til 1,4 årsverk i tenesteproduksjonen eller kapitalkostnaden knytt til ei investering på om lag 10 mill kr med 2% rente og nedbetalingstid over 15 år. Begge delar vil vera av vesentleg betydning for Jondal kommune sett i høve til storleik.*
3. *Jondal kommune er vertskap m.a. for kraftliner i sentralnettet som Sauda –Samnanger som no planlegg oppgradering til 400 kV og i tillegg vurderar nye trasèar for lina gjennom kommunen. I tillegg er Jondal stor nettoeksportør av fornybar kraft til storsamfunnet, som og er avhengig av kraftliner for å få straumen ut. Vi synest det er naturleg at kommunen vert godtgjort for å avstå naturressursar til storsamfunnet, og eigedomsskatten er ein del av samfunnskontrakten mellom stat og vertskommune for å oppnå dette.*

## **09.09.2015 Formannskapet**

#### **Røysting:**

Tilrådinga frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

## **FS- 030/15 Vedtak:**

1. *Jondal kommune støttar LVK sin høyringsuttale til Finansdepartementet om framlegg til endringar i eigedomsskatt på verk og bruk.*
2. *For Jondal kommune vil det årlege tapet med utgangspunkt i 2015 vera om lag 750 000 NOK. For å illustrera kva dette betyr, tilsvarar det kostnaden til 1,4 årsverk i tenesteproduksjonen eller kapitalkostnaden knytt til ei investering på om lag 10 mill kr med 2% rente og nedbetalingstid over 15 år. Begge delar vil vera av vesentleg betydning for Jondal kommune sett i høve til storleik.*
3. *Jondal kommune er vertskap m.a. for kraftliner i sentralnettet som Sauda –Samnanger som no planlegg oppgradering til 400 kV og i tillegg vurderar nye trasèar for lina gjennom kommunen. I tillegg er Jondal stor nettoeksportør av fornybar kraft til storsamfunnet, som og er avhengig av kraftliner for å få straumen ut. Vi synest det er naturleg at kommunen vert godtgjort for å avstå naturressursar til storsamfunnet, og eigedomsskatten er ein del av samfunnskontrakten mellom stat og vertskommune for å oppnå dette.*